


SPLEIS-perioden i Aksnes-innsamlinga er utvida.

26.10.2020



Eirik Aksnes trenger operasjon i Tyskland i håp om et verdig liv!

Bilete frå Spleis-innsamlinga.

Eirik Aksnes og familien hans er svært takksame overfor alle som har støtte dei med gåver i innsamlinga som no føregår. Dei er overvelda over at det er kome inn heile 261 400 kr, 65% av målet på 400 000. Operasjon og reise kjem totalt på ca. 750 000. Grunna korona-situasjonen er operasjonen i Tyskland utsett, og derfor er perioden for Spleisen utvida til å gå ut november månad.

Koronaen råkar oss på mange vis, og det går svært hardt ut over Eirik Aksnes og familien. Mykje vert sett til sides, og sykehuset i Tyskland må ha senger klare i tilfelle dei får inn korona-pasientar. Dette gjer sjølvsagt familien fortvila, men det er lite som kan gjerast med den situasjonen. Dei håpar at dei ikkje må venta så lenge før operasjonen kan gjennomførast.

Grunna utsetjinga er perioden der vi kan støtte tiltaket på SPLEIS blitt utvida slik at det pr. i dag er 35 dagar att. Det er altså kome inn 261 400 kroner frå 775 gjevarar. Truleg har både privatpersonar, lag og firma støtt opp. For dei som ønskjer det, kan gava gjevest anonymt, medan ein også kan bli med på givarlista. Ein kan gå inn på innsamlinga på SPLEIS ved å klikka [HER](#).
Der finn ein også mykje informasjon om saka.

Det er også mogeleg å støtte saka ved VIPPS (949 85 921) eller ved å betale inn på konto **1202 44 65088** og merka det 'Operasjon i Tyskland'.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Skjermilde frå Spleis.